



Hindenes Hus AS
Postboks 3
5991 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3864 - 19/11299

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
05.04.2019

Utvida utsleppsløyve for bustad med sokkelleiligheit - gbnr 24/153 Fammestad

Administrativt vedtak: **Saknr: 201/19**
Byggestad: Gbnr: 24/153
Tiltakshavar: Yvonne Danielsen Skintveit
Ansvarleg søkjar: Hindenes Hus AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utvida utsleppsløyve for bustad med sokkelleilegheit på gbnr 24/153.

Det er gjeve utsleppsløyve for ein bustadparsell med storleik på utslepp til 6pe i sak 16/3839, datert 29.03.2017. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa utsleppet vert ført vidare til jordbruksgrøft som går til Fammestadtjørna. Noverande søknad gjeld utvida utsleppsløyve til 10pe då det skal etablerast sokkelleilegheit i tillegg. Det er gjeve løyve til frådelling av bustadparsell – gbnr 24/3, datert 07.07.2017.

Etablering av avlaupsanlegg og avlaupsleidning i område avsett til LNF-føremål vert vurdert til å ikkje å vera i strid med planføremålet, jf. skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet, datert 10.06.2015.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 10 pe.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.12.2019 og sist supplert 19.03.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd bustadbygging Fammestad Nord med ein eining i perioden.

Nabovarsel




Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i oppdatert situasjonskart, mottatt 19.03.2019:



Reinseløysing

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa utsleppet vert ført vidare til jordbruksgrøft som går til Fammestad tjørna. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i følsam/normalt område. Anlegget skal på sikt nyttast av fleire eigedomar og er plassert på gbnr 24/3.

Drift og vedlikehald

Utsleppsløyve av 29.03.2017 vart gjeve på vilkår av at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget før byggjeløyve vart gjeve, jf. forureiningsforskrifta §12-13 2.ledd. Det er opplyst at serviceavtale er signert av tiltakshavar og returnert tilbake til Biovac.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre rett til eigedom frå gbnr 24/3 til gbnr 214/53 til å grave ned vassleidning, der leidning for avløp og overvatn går i grøft som er der i dag, datert 05.12.2016 i sak 16/3839. Det er gjeve rett til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 24/3 i avtale/erklæring, datert 24.02.2019.

Det ligg føre avtale/erklæring frå gbnr 24/133 om boring under eigedomen i høve framføring av vassleidning til gbnr 214/53.

Vass- og avlaupsleidning skal krysse kommunal veg, sjå oppdatert situasjonskart, mottatt 19.03.2019. Utsleppsløyve av 29.03.2017 vart gjeve på vilkår av at det skal innhentast løyve frå kommunal vegstyremakt når vassleidning kryssar kommunal veg og graveløyve. I e-post av 18.03.2019 frå kommunal vegstyremakt er det gjeve positivt førehandstilsegn i høve løyve for vassleidning som kryssar kommunal veg.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom bør tinglysast på eigedomane.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området. Søknad om utvida utsleppsløyve kan etter administrasjonen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til reinsing i biologisk/kjemisk reinseanlegg og i samsvar med gjeldande forskriftskrav.

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med oppdatert situasjonskart datert 19.03.2019.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak med saksnr. 204/19.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad med sokkeleilegheit på gbnr 214/53 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsat i biologisk/kjemisk reinseanlegg som tilfredsstillar reinsekrava til utsleppstad i følsam/normalt område
2. Det rensa avlaupsvatnet skal førast til jordbruksgrøft.
3. Utsleppet vert godkjent for 10 pe.
4. Det skal ligge føre til ein kvar tid gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
5. Utsleppet skal til ein kvar tid tilfredstille krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13.
6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjent avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.
8. Det skal ligge føre løyve frå kommunal vegstyremakt for vatnleidning som kryssar kommunal veg i tråd med førehandsuttale datert 18.03.2019.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningsloven § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3864

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hindenes Hus AS
Richard Bergetun Hindenes

Postboks 3 5991
Tveitastø 2 A 5913

OSTEREIDET
EIKANGERVÅG

Mottakrar:

Hindenes Hus AS
Richard Bergetun Hindenes
Yvonne Danielsen Skintveit

Postboks 3 5991
Tveitastø 2 A 5913
Tveitastø 2 A 5913

OSTEREIDET
EIKANGERVÅG
EIKANGERVÅG